



Saksbehandlar: Anita Jørstad Grindheim

Kommunedirektør: Halfdan Krohn-Brekke

Saksnr.	Utval	Møtedato
029/26	Utval for oppvekst og omsorg	31.08.2026
025/26	Utval for drift, utvikling og kultur	31.08.2026
045/26	Formannskapet	01.09.2026
019/26	Ungdomsråd	10.09.2026

Folketalprognose og prognosar for førskulebarn og elevtal for skuleområda og skulane i Vindafjord kommune 2026 -41

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Folketalprognose og prognosar for førskulebarn og elevtal for skuleområdaog skulane i Vindafjord kommune 2026 -41 blir tatt til orientering.

Utval for drift, utvikling og kultur 31.08.2026:

Behandling:

Før saka blei behandla, orienterte kommunedirektør Halfdan Krohn Brekke om folketalsprognose og prognose for førskuleborn og elevtal for skulane.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke med sju stemmer.

DUK - 025/26 Vedtak:

DUK tek saka til orientering.

Formannskapet 01.09.2026:

Behandling:

Rådgjevar Anne Sofie Sandvik og barnehage- og skulesjef Anita J. Grindheim presenterte Prognoserapport Vindafjord kommune per 16.08. 2026.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt med 9 stemmer.

FS - 045/26 Vedtak:

Folketalprognose og prognosar for førskulebarn og elevtal for skuleområdaog skulane i Vindafjord kommune 2026 -41 blir tatt til orientering.

Samandrag

Kommunestyret gav i samband med budsjettet for 2026–2029 følgjande politiske oppdrag:

Kommunedirektøren skal setje i gang ein prosess for å redusere utgiftene innan oppvekstsektoren i takt med nedgangen i talet på grunnskuleelevar og barnehagebarn. Kommunedirektøren skal i løpet av første halvår 2026 leggje fram eit oppdatert faktagrunnlag med elevframskrivingar for den enkelte skule og framskriving av talet på barnehagebarn. I prosessen kan det mellom anna vurderast reduksjon i årsverk i barnehage som følgje av lågare barnetal, reduksjon i årsverk i skulen som følgje av lågare elevtal eller færre klassar, samt reduksjon i andre tenester retta mot barn, til dømes PPT, barnevern og skulehelsetenesta.

Dersom gjennomgangen viser at det kan vere behov for større endringar i tenestene, inkludert strukturendringar, skal eventuelle alternativ leggast fram med oversikt over økonomiske konsekvensar, investeringsbehov og vurderingar av korleis endringane vil påverke kvaliteten i tenestene, før saka blir lagd fram for politisk behandling.

Det skal sikrast god medverknad frå arbeidstakarorganisasjonane og god dialog med brukarane. Sidan dette er ei økonomisak, skal formannskapet vere styringsgruppe. Orienteringar og eventuelle saksframlegg skal òg behandlast i OPOM.

Saks- og faktaopplysningar

Vindafjord kommune mottok rapporten frå Norconsult seinare enn føresett, måndag 17.08.2026. Det var difor ikkje mogleg å leggje fram oppdatert faktagrunnlag for elevframskrivingar og framskriving av talet på barnehagebarn innan utgangen av første halvår 2026. Rapporten vart bestilt like etter nyttår, men av ulike årsaker har arbeidet teke lengre tid enn opphavleg planlagt.

Folketalsprognose og prognosar for talet på førskulebarn og elevar i skuleområda og ved skulane i Vindafjord kommune for perioden 2026–2041 ligg ved saka. Eit samandrag av faktagrunnlaget vil bli presentert i møta i OPOM og DUK 31.08.2026, i formannskapet, 01.09.2026 og i ungdomsrådet 10.09.26. I desse møta vil medlemma i dei politiske utvala få høve til å uttale seg om vidare saksgang.

Vedlegg:

Prognoserapport Vindafjord kommune pr 16 august 2026